

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Deres referanse:

202521065-4Dato: **02.06.2026**Saksnr.: **2026/32687**Dok.nr.: **2**

Saksbehandler:

Vegard Næss

Høyringsvar - Førespurnad om vurdering av konsesjonsplikt for pumpe i Brattlandsdalsåa i Suldal kommune

Me viser til høyringsbrev av 23.04.2026, frå NVE.

Rogaland fylkeskommune har mellom anna et regionalt forvaltningsansvar innanfor felta vassforvaltning, innlandsfisk og kulturmiljø/kulturminne. Dette dannar grunnlag for fylkesdirektørens faglege høyringsinnspel.

Bakgrunn

Lyse Kraft DA ber om konsesjonspliktavurdering av forslag til løysning knytt til minstevassføring basert på forslag om å pumpe vatn frå Suldalsvatnet.

På grunn av periodar med lav vassstilførsel kan Brattlandsdalsåa bli svært tørr. Ei miljøkartlegging av tilløpselver til Suldalsvatnet, utført av Norconsult Norge i 2020, viser at dette har betydelege konsekvensar for dyrelivet, særskilt storaure i elva. Problemet opplystast å være mest alvorleg i den nedre delen av Brattlandsdalsåa, kor det er viktige gyteområde for storauren.

Norconsult gjennomførte hausten 2024 en konseptutredning for å sjå på moglegheitene for å anlegga eit system som kan sikre minstevassføring for dei kritiske områdene nedst i elva. Utredninga gjekk ut på å finne løysningar og investeringskostnader for et pumpesystem som kunne sikre en minstevassføring på 1-2 m³/s i de kritiske områdene, ved å pumpe vann frå Suldalsvatnet og 12-13 høgdemeter opp i Brattlandsdalsåa.

Fagspesifikke vurderingar**Fisk og vassforvaltning**Storaure stammen i Suldalsvatnet, reguleringseffektar og minstevassføring

Suldalsvatnet huser ein bestand av stasjonær fiskeetande aure, eller det som ofte refererast til, storaure (Strømme 1999). Det har i dei seinare åra blitt eit økt fokus på storaure i Norge, kanskje spesielt på grunn av verdien i tradisjonelle sportsfiskerier (Museth mfl. 2018). I Miljødirektoratets forslag til strategi for bevaring og utvikling av

bestandane av storaure er Suldalsvatnet vurdert som ein «storaurelokalitet som har svært stor verdi og som er kandidat til nasjonalt storaurevassdrag». Dei to kanskje viktigaste tilløpselvene til Suldalsvatnet som produserer storaure, er Roaldkvamsåna og Brattlandsdalsåna, der sistnemnte truleg produserer mest fisk (Museth mfl. 2023). Forholda for storauren i dei to elvene er likeve vesentleg forverra på grunn av reguleringseffektar. Vassføringa kan i periodar være svært lav og varierende på grunn av frå ført vann, noko som kan føre til tørrlegging av gyteplassar og lav produksjon av næringsorganismar for fiskeyngel (Museth mfl. 2023).

Norconsult rapport «Røldal – Suldal reguleringen, Kartlegging Miljø- og brukerinteresser. Fagtema fisk – tilløpselver Suldalsvatnet» beskriv at «*Brattlandsåne har en vesentlig betydning som gyteelv for storaurebestanden i Suldalsvatnet.*» Videre kjem det fram at for å oppnå betydelege positive effektar av økt minstevassføring aleine, dvs. lav rogn dødelegheit om vinteren og større tilgjengelege oppvekstområde som igjen gir redusert konkurranse, vurderast nødvendig størrelse på minstevassføring til å ligge rundt 2-2,5 m³ /s. Likevel vil ein kvar fastsett minstevassføring (i alle fall over 0,3 m³ /s) medføre en forbetra situasjon i forhold til nå tilstanden i vassdraget. Samstundes vil en høgare stabil vassføring bidra markant positivt, i alle fall opp til vassføring på ± 5 m³ /s. Dersom ein eventuell ny minstevassføring fastsettest til under ca. 1 m³ /s bør fysiske tiltak for stadvis å sentrere vasstraum på lave vassføringar vurderast.

Fylkesdirektøren meiner det er svært positivt om det etablerast en minstevassføring for nedre del av Brattlandsåna, på strekninga kor de viktigaste gyteområda for aure er registrert. Etableringa av minstevassføring bør kombinerast med fysiske tiltak for å forbetre reproduksjonsforholda på strekningen og betre leveforholda for fisk.

Regionalplan for vassforvaltning Rogaland vassregion
Regionalplan for vassforvaltning Rogaland vannregion 2022-2027, og tilhøyrande tiltaksprogram har fokus på tiltak for å nå fastsette miljømål og betre vassmiljøet.

Vassførekomst 036-57-R Brattlandsåa er sterkt påverka av vasskraft, og er i Vann-Nett registrert som SMVF. Vassførekomsten er anadrom-strekning og er i Vann-Nett også registrert som et beskytta område, med heimel i lakse- og innlandsfiskelova § 7. Økologisk miljømål er satt til godt, og det er i planperioden 2022-2027 gitt utsett frist etter vassforskrifta § 9 av tekniske årsaker. Det er gjennomført to tiltak som er relatert til vasskraftpåverknad og kunnskapsinnhenting. Det er:

- Tiltak 5104-1171-M Brattlandsdalen – Problemkartlegging, økt kunnskap om økologisk tilstand
- Roalkvamsåna, Brattlandsdalsåa, Stølsåa: Miljødesign

Forslaget som nå førelegg oppfattar fylkesdirektøren at er eit føreslått tiltak med utgangspunkt i oppfølging av vassforvaltningsarbeidet, og at tiltaket vil bidra positivt til å nå miljømålet for vassdraget. Fylkesdirektøren vurderer det særskilt positivt at tiltaket vil gi betre gytetilhøva for storauren.

Kulturmiljø

Rogaland fylkeskommune er regional sektormyndigheit for kulturmiljø.

Nyare tids kulturminne

Bygningsmiljøet på Kilen er i *Regionalplan for kulturmiljø 2023-2035* vurdert til å være av regional interesse. Det er i planen omtalt på følgende måte: *Kilen ligg like aust for Nesflaten, i den nordre enden av Suldalsvatnet. Kilen vart bygd ut i 1960-åra i samanheng med Røldal-Suldal-utbygginga. Norsk Hydro kjøpte fallrettane i Røldal- og Suldalsvassdraget på 1950-åra med planar om å produsera straum til eit aluminiumsverk på Karmøy. Utbygginga gjekk føre seg frå 1963 til 1968. I samband med utbygginga vart det reist eit stort bygningsmiljø på Kilen, teikna av arkitekten Geir Grung, med bl.a. eit ikonisk kontrollbygg for kraftverket og bustader til dei tilsette på kraftstasjonen. Bygningsmiljøet på Kilen er eit framifrå døme på moderne arkitektur i samanheng med industriutbygginga i Noreg på den andre halvdelan av 1900-talet. (...) Kilen har høg kulturhistorisk verdi som eit døme på ein av dei store kraftutbyggingane som skjedde på Vestlandet på den andre halvdelan av 1900-talet. Arkitekturen syner at det blei brukt store ressursar på å gi bygningane eit moderne preg, og Kilen er eit interessant døme med høg arkitektonisk kvalitet, knytta til kraftindustrien.*

Tiltaket som er planlagt ligger delvis innanfor området som er vurdert til å ha regional interesse. I retningslinjene til planen går det frem at: *Utvikling og endring innan kulturmiljø av regional interesse bør skje med særskilt omsyn til kulturminna, forma og konteksten deira.*

I konseptbeskrivinga vises at utløpet til anlegget skal plasserast i nærleiken av et gammalt brufundament (side 14). Fylkesdirektøren legger til grunn at brufundamentet skal bevarast og har elers ingen merknader i saken.

Automatisk freda kulturminne

Ut frå våre arkiv kan vi ikke sjå at tiltaket vil kome i konflikt med automatisk freda kulturminne. Vi har difor ingen merknadar til planane, men gjer merksam på at dersom tiltaket skulle kome til å røre ved større område enn det som er vist i kart, må fylkesdirektøren også få moglegheit til å vurdere desse områda. Vi vil også minne om at dersom det ved gjennomføring av tiltaket blir gjort funn av kulturhistorisk materiale (til dømes strukturar som røyser, hustuffer, konsentrasjonar av kol, eller gjenstandar som keramikk og bearbeida flint), må Rogaland fylkeskommune straks varslast og arbeidet på funnstaden stansast inntil rette myndigheit har vurdert/dokumentert funnet, jf. Lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

Hilsen

Hege Kilhavn
konstituert seksjonssjef

Vegard Næss
seniorrådgiver

Kopi til: Statsforvalteren i Rogaland, Suldal kommune, Ryfylke vassområde

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Oppgi vårt saksnr. når du svarer på brevet.